



## Referat frå kommunemøte torsdag 25. mars 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, KS, fylkeskommunen og Sivilforsvaret.

Ikkje til stades: Fitjar, Gulen, Ullensvang og Voss.

### Innhald

1. Informasjon .....	2
Møte og rapportering i påska .....	2
Beredskap i påska hjå Statsforvaltaren .....	2
Temamøte om kvikkleire fredag 26. mars .....	2
2. Rekruttering av helsepersonell .....	2
3. Kommunen sitt tilsynsansvar med smitteverntreglane .....	3
4. Nye nasjonale føringar og tilrådingar – spørsmål frå kommunane .....	3
Opphald på Røde Kors-hytte i samband med påskeberedskap .....	3
Avgrensing av sosial kontakt .....	4
Arrangement .....	4
Heimekontor .....	4
Treningscenter .....	5
Sjukeheimsbebuarar og pasientar .....	6
Skule og barnehage .....	6
5. Smittespreiing i trussamfunn .....	7
Smitteutbrot knytt til trussamfunn på Askøy v/kommuneoverlege Kristin Cotta Schönberg .....	8
6. Epidemiologisk rapport .....	10
7. Vaksinerings av personar som ikkje sjølv kan samtykke til vaksinerings .....	11
8. Ivaretaking av barn og unge .....	11
9. Vaksinestrategien .....	11
10. Pilotprosjekt for massetesting i vidaregåande skular .....	12
11. Resultat frå spørjeundersøking .....	12
12. Smittevernustyr til fysioterapeutar .....	13



## 1. Informasjon

Møte og rapportering i påska

Det vert ikkje kommunemøte torsdag 1. april. Neste ordinære møte er torsdag 8. april. Ved behov vil vi kalle inn til møte på kort varsel.

Vi ber om at de rapporterer i skjema for vekerapportering i veke 13 (påskeveka). Rapporteringa kan t.d. gjennomførast på fredag denne veka, og eventuelt oppdaterast måndag før kl. 12.00 dersom det skjer endringar av betydning som til dømes i risikonivå.

Beredskap i påska hjå Statsforvaltaren

Vi vil vere tilgjengelege gjennom heile påska på vakttelefon 916 99 098 (kan ikkje ta i mot SMS) og e-post [sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no). Det er beredskapsseksjonen som har vaktordninga, vi koplar på andre internt i embetet etter behov.

Temamøte om kvikkleire fredag 26. mars

Vi har invitert til møte fredag kl. 10.00 på Teams om kvikkleire, og oppmodar om at dei som har høve frå kommunens side som t.d. kommuneleiing, tilsette innan beredskap, plan og byggesak om å delta. Vi planlegg å gjere opptak av møtet, og gjere det tilgjengeleg ei avgrensa tid.

## 2. Rekruttering av helsepersonell

Vi vil på nytt minne om at Helsedirektoratet kan hjelpe til med råd og rettleiing om rekruttering av helsepersonell i to kategoriar:

- Helsepersonell til testing og smittesporing (såkalla nasjonalt innsatspersonell). Dette er personar som er kvalitetssikra av bemanningsselskap og som kan reise på kort varsel.
- Helsepersonell til alle andre oppgåver (nasjonalt helsepersonell), registrert i register for reservepersonell.

Viss de ser at det kan oppstå ein krevjande ressursituasjon, er det difor mogleg å få tak i ressursar via desse ordningane.

Meir informasjon: <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/personell-kompetanse-og-rekruttering/kommuner-og-helseforetak-kan-fa-hjelp-til-til-a-rekruttere-helsepersonell>

Vi syns elles at det er god grunn til å gjenta at vi i fylket har veldig mange døme på både vilje og evne til å hjelpe kvarandre på tvers av kommune- og organisasjonsgrenser. Vi har seinast denne veka sett at Bergen kommune er på tilbodssida med m.a. ressursar til smittesporing i samband med utbrotet på Askøy. Under utbrotet i Ulvik stilte både fleire andre kommunar og helseføretaket med viktige ressursar, og det var stor mobilisering av hjelp under utbrotet i Hyllestad. Vi håpar og rekner med at dette er noko som vil halde fram under resten av pandemien.



### 3. Kommunen sitt tilsynsansvar med smittevernreglane

Vi får jamleg spørsmål om ansvaret kommunanes har for tilsyn og oppfølging av ansvaret for å førebygge og avdekke potensiell smitte.

Gjennom det elektroniske innreiseregisteret får de tilgang til informasjon om reisande som kjem til kommunen. Der er det og tilgjengeleg informasjon om den kontakten som Nasjonalt kontrollsenter eventuelt har hatt med den eller dei reisande. Sjølv om kontrollsenteret gjer ei prioritering av kva grupper som er viktigast å kontakte, har dei kontakt med eit svært stort tal reisande på telefon og SMS. Slik vi forstår det vil det frå midten av april kome ei kopling mellom innreiseregistreringssystemet og MSIS-labdata.

Vi trur det kan vere ein god idé å ha eit eige temamøte om oppfølging og tilsyn med smittevernreglane, for å bidra til erfaringsdeling og diskusjonar. Vi har begynt å sjå på dette, og kjem tilbake med dato og meir informasjon over påske.

### 4. Nye nasjonale føringar og tilrådingar – spørsmål frå kommunane

Statsforvaltarane hadde ikkje på førehand fått informasjon om kva regjeringa ville seie på pressekonferansen på tysdag kveld. Slik har det vore tidlegare òg. Vi har det same behovet som kommunane for å prøve å forstå og operasjonalisere dei reglane og tilrådingane som kom då.

Vi har fått mange spørsmål frå kommunane etter pressekonferansen tysdag. Vi ønskjer å vere ei god støtte i arbeidet med dei praktiske vurderingane og avgjerdene som de må ta med utgangspunkt i det nasjonale regelverket. Vi vil likevel oppmode kommunane om å nytte handlingsrommet til å finne praktiske og fornuftige løysingar for å ivareta det som er hovudføremålet med dei nasjonale tiltaka; å redusere kontakten mellom folk mest mogleg, slik at viruset får mindre høve til å spreie seg. Samstundes må dette balanserast mot eit anna viktig mål; at kuren ikkje må bli veldig mykje hardare enn sjukdomen. Det gjeld ikkje minst med tanke på dei mest sårbare.

Forskrifta og Helsedirektoratets koronarettleiar har blitt oppdatert med omsyn til dei nasjonale føringane:

Covid-19-forskrifta: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-27-470>

Koronarettleiar til Helsedirektoratet: <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus>

Opphald på Røde Kors-hytte i samband med påskeberedskap

Vi har fått to spørsmål sendt vidare frå kommuneoverlegen i Kvam, som han hadde fått frå Øystese Røde Kors Hjelpekorps:

- Kor mange kan dei vere på hytta i Hamlagrø?
- Kan ein drive med transport av privat utstyr til andre hytter?

Vi forstår at spørsmåla hadde vore tatt opp med Hordaland Røde Kors, som hadde svart at dei kunne vere maksimalt to personar på hytta. Vi kjenner ikkje til om det finst nokon nasjonal rettleiar som



seier noko om dette. Det kan tenkast at det internt i Røde Kors eller frivilligheita elles kan finnast ein slik. Vi kjenner heller ikkje til korleis hytta er, t.d. når det gjeld sanitærfasilitetane.

Vi tilrår at det vert gjort ei avveging av omsynet til smittevern mot omsynet til å kunne oppretthalde samfunnsviktig verksemd. Viss det er vanskeleg å kunne ha ein forsvarleg beredskap med berre to personar på hytta, og det igjen kan gi auka fare for liv og helse, bør ein vere forsiktig med å vere for absolutt. Det må likevel forventast at Røde Kors har ein god plan på korleis dei kan gjennomføre vaktberedskapen på ein måte som tek omsyn til smittevern.

Når det gjeld transport av privat utstyr til andre hytter, vil vi tru at risiko for smitteoverføring er låg. I alle fall så lenge det transporterte godset vert levert på utsida av hytta. Vert det teke omsyn til avstandskrav, er det vanskeleg å tenkje at dette skulle vere særleg problematisk. Og det er sikkert ein viktig del av finansieringa til hjelpekorpsset, som igjen bidreg til å sikre liv og helse.

Avgrensing av sosial kontakt

*Kva gjeld for barn og unge?*

Sjølv om den nasjonale tilrådinga no er at ein ikkje bør ha besøk av fleire enn to gjester, er det presisert i koronarettleiaren til Helsedirektoratet at barn i barnehage og barneskular kan ha besøk frå eigen kohort, og i tillegg ha besøk av eller gå på besøk til ein eller to faste vener utanfor kohorten.

For meir informasjon sjå koronarettleiaren kap. 3 om arrangement, gjester i heimen og avstand: <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/arrangementer-gjester-i-hjemmet-og-avstand#antall-gjester-pa-besok>

Arrangement

Formuleringa “vi anbefaler at alle arrangement avlyses”, som vart publisert på regjeringa.no, er ikkje inkludert i forskriftsteksten. Viss ein trass tilrådinga om å avlyse vel å gjennomføre arrangement, går det fram av § 13 a i covid-19-forskrifta kor mange som kan vere til stades.

Heimekontor

Vi har òg fått fleire spørsmål om praktisering av det nye kravet om heimekontor. Det står i § 15 e i covid-19-forskrifta at:

*“Arbeidsgivere skal sørge for at ansatte jobber hjemmefra så langt det er praktisk mulig. Arbeidsgivere skal kunne dokumentere at det er gitt beskjed til de ansatte om hvordan dette skal gjennomføres i virksomheten.”*

Dette inneber at som ein hovudregel skal dei tilsette vere på heimekontor. Samstundes må arbeidsgjevar gjere ei vurdering av om det er særskilte forhold som gjer at enkelte tilsette må vere på kontoret. Dette kan vere grunna arbeidsoppgåver som ikkje er mogleg å gjennomføre på ein god måte frå heimekontor, eller viss det er tilsette som ikkje har høve til å arbeide frå heimekontor.

Det er viktig å kunne oppretthalde eit tilbod til dei sårbare gruppene i samfunnet. Mange av desse vil ha behov for at det er personell fysisk til stades.



Som det går fram av forskriftsteksten, er det viktig at dei tilsette får god informasjon om korleis dette i praksis skal gjennomførast i den enkelte verksemda.

Treningssenter

*Kan ein ha gruppetimar?*

Helsedirektoratet har i koronarettleiaren presisert at treningssentera kan halde ope for dei som er busett i kommunen, òg for gruppetrening.

*Kven betyr «busett i kommunen»?*

Vi har ikkje fått ei avklaring på dette frå Helsedirektoratet òg legg til grunn at det er kvar ein har adresse som bør vere hovudkriteriet.

For meir informasjon sjå koronarettleiaren kapittel 4 om treningssenter:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/idrett-kultur-og-frivillighet#treningssentre-svømmehaller-badeland-spaanlegg-hotellbasseng-og-lignende-kan-holde-åpent-hvis-de-drives-smittevern-faglig-forsvarlig>

Etter møtet har vi fått følgjande avklaring frå Helsedirektoratet

*«Vi viser til henvendelsen under om spørsmål knyttet til treningssentere i covid-19-forskriften. Det vises til § 18a om stenging av virksomheter som gjelder for enkelte kommuner i kapittel 5C. Det gjelder en tilsvarende bestemmelse i § 15c for hele landet.*

*Delen av bestemmelsen som gjelder treningssentre lyder slik:*

*"Følgende virksomheter og steder skal holde stengt:*

*a. Treningssentre likevel slik at følgjande tilbud kan holde åpent:*

- 1. tilbud til de som er bosatt i kommunen.*
- 2. rehabilitering og opptrening som tilbys individuelt eller i mindre grupper med arrangør.*
- 3. individuell trening og behandling som det kan bestilles time til"*

*Svar på spørsmål 1 a og b: Formålet med denne bestemmelsen, er å hindre mobilitet mellom kommunene for å unngå at folk tar med seg smitte fra én kommune til en annen. Det er også gitt anbefalinger med samme formål, som for eksempel at man ved forflytning til en kommune med mindre strenge tiltak som hovedregel bør følge anbefalingene som gjelder i kommunen de bor i til vanlig.*

*Helsedirektoratet mener at man med "bosatt i kommunen" må forstå der man til vanlig oppholder seg, det vil si der man har sitt faste bosted. Det vil ikke være i tråd med bestemmelsens formål å trene i en kommune man er folkeregistrert i, hvis man ikke faktisk bor der til vanlig. Det vil si at en student som reiser til hjem til folkeregistrert kommune i påskeferien, ikke skal trene på treningscenteret der.*



## Statsforvaltaren i Vestland

*Det er ikke gitt noen føringer for hvordan treningssentrene skal kontrollere kravet, men de kan for eksempel benytte medlemsregister, noe de aller fleste treningssentre har, oppslag i bostedsadresse på gulesider eller lignende, samt opplysninger fra kunden selv.*

*Svar på spørsmål 2: Treningssentre kan opprettholde det ordinære tilbudet sitt for kommunens innbyggere, også gruppetimer, forutsatt at treningscenteret kan gjøre dette på en smittevernaglig forsvarlig måte jf. covid-19 forskriften § 15b. For andre enn kommunens innbyggere kan treningssentre også holde åpent for rehabilitering og opptrening og individuell behandling jf. nr. 2 og 3 i § 18a bokstav a».*

Sjukesheimsbebuvarar og pasientar

*Bør den nasjonale tilrådinga om maksimalt ta i mot to personar som besøkande i veka òg gjelde fullvaksinerte bebuvarar i sjukesheimar?*

Nasjonale tilråding no er å maksimalt ha to gjester på besøk samstundes, og å ha eit avgrensa tal kontaktar, og dei same, over tid.

Koronarettleiaren til Helsedirektoratet seier at vaksinerte bebuvarar kan ha nær fysisk kontakt med eit avgrensa tal uvaksinerte besøkande, og dei same over tid. Vaksinerte besøkande kjem i tillegg til dette. Det er òg presisert at ein skal følgje nasjonale og ev. lokale tilrådingar. Vi tolkar det difor som at noverande nasjonale tilrådingar òg gjeld fullvaksinerte bebuvarar. Vi minner òg om at det overordna rådet er å avgrense sosial kontakt mest mogleg.

*To meters avstand eller bruk av munnbind – vil dette gjelde fullvaksinerte pasientar?*

Fullvaksinerte bebuvarar kan ha nær fysisk kontakt både med vaksinerte og uvaksinerte besøkande, men dei besøkande må halde avstand til andre bebuvarar og tilsette, og ev. bruke munnbind. Regjeringa har òg presisert at dei nye råda om to meters avstand og munnbind når dette ikkje er mogleg, ikkje omfattar helsetenesta.

Skule og barnehage

Det kjem mange spørsmål om skule og barnehage, det er veldig nyttig. Det er ikkje alt vi har eit konkret og direkte svar på. Innanfor regelverket finn vi stort sett gode løysingar som er godt tilpassa den konkrete situasjonen i kommunen eller i skulane.

*Rettleiarar om smittevern*

Ny rettleiar for vidaregåande opplæring vart publisert i går. Utdanningsdirektoratet arbeider med å få publisert dei tre andre rettleiarane (barnetrinn, ungdomstrinn og barnehage) før klokka 17.00 i dag. Det blir utarbeidd noko tekst som viser kva som er gjort av endringar, men den vil truleg ikkje vere klar i dag.

Rettleiarane finn de her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/>



## Statsforvaltaren i Vestland

Dei nye rettleiarane gjeld frå 12. april, men det er ikkje noko til hinder for å ta det i bruk no. Dei tek òg tatt mål av seg å få mykje meir tydeleg fram kva som er intensjonane bak dei ulike tiltaksnivåa, og er utarbeidde på bakgrunn av den kunnskapen vi har om smitte i dag.

### *Avstandskrav i skule og barnehage?*

Avstandskrav i skule og barnehage går fram av rettleiarane. Fleire har stilt spørsmål om dette. Vi valde difor å melde til alle kommunane i går, at tilrådinga om avstandskrav på to meter ikkje gjeld for skule og barnehage.

### *Bruk av munnbind i skule og barnehage?*

Her viser vi òg til rettleiarane. I den nye rettleiaren for vidaregåande opplæring finn de utdjupande informasjon om bruk av munnbind både for elevar og lærarar. Bruk av munnbind er og omtalt i rettleiarane for barneskule, ungdomsskule og barnehage.

### *Avstand og bruk av munnbind på skuleskys?*

Det er den gjeldande rettleiaren for kollektivtransport som ligg til grunn.

### *Kva gjeld for folkehøgskular?*

*Når det gjeld kontaktreducerande tiltak for folkehøgskulane viser FHI til rettleiaren for skule.*

### *Skulevalsdebattar og valborg*

Tilrådingar frå Utdanningsdirektoratet datert 16. mars 2021 blir sendt ut saman med referatet.

### *Eksamen*

Mange ventar på avgjerd om kva som skjer med våreksamen. Det er gjennomført ei høyring om endringar i regelverket knytt til kva eksamenar som skal gjennomførast eller ikkje denne våren.

Det som gjeld no er at alle skriftlege eksamenar vert avlyst. Privatisteksamen vert gjennomført, og munnleg eksamen for 10. trinn og vg. 3 skal gjennomførast. Saka ligg no til behandling i departementet, oppsummering av høyringssvara viser at det er sterk kritikk mot endringsforslaga.

## 5. Smittespreiing i trussamfunn

Det har den siste veka vore mykje merksemd på eit smitteutbrot som kan knytast til møte på fleire bedehus i Øygarden, men først og fremst på Askøy.

Vi sendte ein e-post til alle kommunane på tysdag, der vi oppmoda om å etablere ein dialog med religiøse forsamlingar og trussamfunn, fordi hendingane på Askøy igjen viser at det er eit stort potensiale for smittespreiing i desse miljøa.



Vi hadde ein e-post dialog om dette temaet med rådmannen i Kvam i går, på bakgrunn av eit spørsmål om kontakten med forsamlingane og trussamfunna er like aktuelt etter at regjeringa har stramma inn reglane for arrangement.

Vi gjentek svaret vi gav til Kvam her:

- Dei nye nasjonale tiltaka skal forhåpentlegvis verke i eit avgrensa tidsrom, og det vil framleis vere risiko for smittespreiing i desse miljøa etter at tiltaka er avslutta.
- Askøy fortalte at det var møte med låge deltakartal, dvs. godt under maksimalgrensa, som likevel utløyste mange smittetilfelle (16 smitta av 16 deltakarar i det verste tilfellet).
- Strengare krav til maksimalt deltakartal på arrangement, kan det auke risiko for at det vert auka bruk av alternative møteformer. Vi refererer igjen til Askøy kommune som ser at det føregår ein god del religiøse samlingar/møte i private heimar.

Smitteutbrot knytt til trussamfunn på Askøy v/kommuneoverlege Kristin Cotta Schønberg

Schønberg orienterte om utviklinga i smitteutbrotet. Det starta med eit bedehusmøte i Øygarden tysdag 9. mars, og med ein indeks som òg deltok på eit møte på Breivik bedehus på Askøy torsdag 11. mars. I tida deretter var det møte på bedehusa Kleppe, Florvåg og Haugland.

Onsdag 17. mars fekk kommunen melding om fem påviste smittetilfelle, og sette i verk forsterka TISK. Kommunen snakka òg med Øygarden kommune og fekk stadfesta britisk virusvariant i deira utbrot. Fredag 19. mars kom det melding om 17 positive prøvesvar, laurdag 20. mars ytterlegare 26 positive prøvesvar – alle nærkontaktar. Innan 12 timar etter positivt prøvesvar var alle sett i karantene og ventekarantene.

Kommunen gjennomførte testing både laurdag og søndag. Prøvesvara viste fire positive søndag 21., tretten dagen etter, fjorten tysdag 23. og fire onsdag 24. mars. Det vart testa 400 personar måndag og 320 personar tysdag.

Status/smittetal for dei ulike møta omtalt over:

- Breivik bedehus: 16 av 16 smitta
- Kleppe bedehus: 42 av 66 smitta
- Florvåg bedehus: 8 av 16
- Haugland bedehus: 1 av 5

Tiltak:

- Alle smitta sett i heimeisolasjon raskt. Alle nærkontaktar sett i karantene same dag som indeks isolert, òg ventekarantene for husstand.
- Alle nærkontaktar kalla inn til test same dag eller dagen etter, heimetesting gjennomført der det er behov. Alle kalla inn til test to.
- Alle i heimeisolasjon følgjast opp via legevakt, fastlege mottek epikrise og koplast på ved behov.
- Vedtok lokal forskrift på hasteparagraf gjeldande frå midnatt laurdag 14. mars, med merksemd på å redusere sosiale møteplassar og avgrense tal deltakarar, og samtidig ta omsyn til barn og unge.
- Har behalde gult nivå i skule og barnehagar. Pilotprosjekt på vidaregåande skule, testing.





## Statsforvaltaren i Vestland

- Møte for leiarar av trussamfunn og bedehus fredag 19. mars, med gjennomgang av regelverk. God dialog.
- Gjennomført miljøundersøking av alle som har vore på bedehus siste fjorten dagar. Om lag 200 testar måndag og tysdag, alle negative.
- Sjukeheim sett i beredskap for å kunne ta i mot smitta som kan trenge tilsyn. Fire personar innlagt til no. Heimesjukepleie er òg sett i beredskap.
- Har rådført seg med FHI, hatt møte med FHI og Statsforvaltar, og med omegnskommunane.
- Fått hjelp til smittesporing av Bergen kommune for om lag 200 nærkontaktar i Bergen.
- God dialog med Øygarden kommune og mikrobiologisk laboratorium ved Haukeland.
- Møte mellom kommuneoverlegane og smittevernlegane i området, veldig nyttig. Det blir laga nye rutinar for smittesporing på tvers av kommunane.

### Erfaringar og vurderingar

- Viruset er svært smittsamt. I enkelte tilfelle er det observert symptom dagen etter eksponering.
- Viktig å gjennomføre to testar av nærkontaktar, mange testar positivt på andre test.
- Karantene har god effekt på vidare spreiding. Fekk raskt oversikt og har no kontroll.
- Åtferd i dei aktuelle møta har gitt auka risiko for smitte; t.d. lovsang der munnbind gjerne blir tatt av, predikant utan munnbind, nattverd, lokale av varierende størrelse. Fleire har ikkje forstått at denne åtferda aukar risiko for smitte. Ein del tilfelle har heller ikkje halde seg heime ved symptom. Ser òg at predikantar, pastorar og andre medlemmer reiser rundt på ulike bedehus i kommunen og i heile regionen. Er kjend med forgreiningar til både Alver og Tysnes.
- Innføring av lokal forskrift var viktig for å ta tidleg grep. Visste det ville ta noko tid før forskrifta gav effekt. Smitte som er påvist denne veka har stort sett vore for nærkontaktar som allereie var i karantene.
- Møte med omegnskommunane fredag, søndag og i går, har orientert dei andre om situasjonen og hatt god dialog. Godt samarbeid med Statsforvaltar og FHI.
- Har på det meste har 74 personar vore i isolasjon. Viktig å hugse at bak smittetala er det menneske med ulik risiko for alvorleg forløp med denne infeksjonen, urolege pårørande og familiar, og det er tøft å vere isolert. Kommunen har eit stort ansvar for å følge opp dei isolerte, svært tidkrevjande.
- Ønskjer å løfte fram helseberedskapsgruppa og smittesporingsteamet som har jobba med pandemien i tillegg til sine vanlege arbeidsoppgåver. Dei same folka held fram med vaksinasjon denne veka og vekene framover.
- Rekruttering av helsepersonell er viktig, Askøy var heldig som fekk rekruttert Lotte Silnes til samfunnsmedisin- og smittevernlegestilling i haust. Takk til henne for kjempeinnsats så langt.

### Kommentarar frå Statsforvaltaren

Det Askøy fortel viser at det er nyttig å ha kontakt med forsamlingane, og vi gjenta difor oppmodinga til kommunane.

Denne saka viser òg at forsterka TISK fungerer veldig godt. Det er same erfaring som t.d. Stad kommune har gjort, der nye smittetilfelle stort sett berre er for personar som allereie sit i karantene.



Vi opplevde møta med Askøy og dei andre kommunane rundt Bergen som svært nyttige, og oppfattar at FHI og Helsedirektoratet meiner det same. Vi vil igjen oppmode kommunane om å ha ein låg terskel for å kontakte oss.

### Frå diskusjon – fleire erfaringar

- Stille opne spørsmål, og gå litt lenger bak enn 48 timar.
- Personar i karantene får tildelt time umiddelbart, og til neste test (dag 7). Meiner det er viktig at kommunen har kontrollen og kallar inn til test.
- Har sett to tilfelle der dei meiner inkubasjonstid har vore eit døgn, frå å ha delteke på møte til å utvikle symptom. Tilfella er meldt i MSIS. Har ikkje tatt tid til å ettergå nærare, kunne ev. undersøkt lenger tilbake i tid.


## 6. Epidemiologisk rapport

Det har i fleire veker vore aukande smitte i Vestland, og særleg dei siste tre vekene. Fleire lokale utbrot omkring i fylket har vore med på å drive opp smittetala, mens situasjonen til no har vore stabil i Bergen. Dei siste par dagane har likevel smittetala auka i Bergen òg, grunna fleire lokale utbrot i kommunen. Dei muterte virusvariantane gir store utfordringar med å spore smitta raskt nok, før den rekk å spreie seg i fleire ledd. Vi er veldig takksame for den innsatsen kommunane legg ned med den forsterka TISK-strategien, og håpar at nye tiltak no vil bidra til å redusere smitten.

Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>

### Vestland

	Uke 07	Uke 08	Uke 09	Uke 10	Uke 11
Antall tilfeller per uke	83	91	142	155	281
Antall tilfeller per 100 000 per 14 dager	36,8	27,2	36,5	46,5	68,3
Antall personer testet per 1 000 per uke	18,8	18,0	19,1	27,5	28,3
Andel positive blant de testede per uke	0,7%	0,8%	1,2%	0,9%	1,6%
Andel kommuner med insidens over 50 per 100 000 og flere enn 10 tilfeller per 14 dager	4/43	0/43	3/43	5/43	4/43



Folkehelseinstituttet, 2021-03-24

Det er en økende trend i antall meldte tilfeller i Vestland de siste ukene. Det er vanligvis situasjonen i Bergen som i stor grad påvirker smittesituasjonen i fylket, men i uke 11 har det derimot vært utbrudd i flere kommuner som preget fylkessituasjonen. Denne økningen kan i knyttes til utbrudd i Stad, Stord, Askøy og Øygarden.

Detaljert oversikt kan finnes i Sykdomspulsen (<https://spuls.fhi.no>)



### 7. Vaksinerings av personar som ikkje sjølv kan samtykke til vaksinerings

Helsedirektoratet har i det siste mottatt fleire spørsmål om vaksinerings av personar utan samtykkekompetanse, og da særleg personar med utviklingshemming. Dei sendte ut eit skriv 18. januar som vi tidlegare har informert om, no har dei sendt eit oppdatert brev med litt fleire presiseringar der dei viser til pasient og brukerrettsloven med kommentarar. Brevet blir lagt ved saman med utsending av referat.

### 8. Ivaretaking av barn og unge

Vi har fått eit brev frå Bufdir som gjeld ivaretaking av barn og unge i ei tredje smittebølge, som blir vidareendt kommunane. For å redusere konsekvensane av pandemien, både for å verne tilsette og barn mot smitte og samstundes ivareta rettar og behov til barn og unge, er det gitt tydelege tilrådingar til tenestene.

Bufdir har difor bedt statsforvaltarane om å følgje opp desse forventningane til kommunane:

- Tenestene til barn, unge og utsette familiar skal være opne og tilgjengelege.
- Smitteverntiltaka skal kome som ein konsekvens av smitte i lokalmiljøet.
- Tenestene skal så langt som mogleg ha tilstrekkeleg kapasitet og høg kvalitet.
- Barn, unge og utsette familiar skal vite korleis dei kjem i kontakt med tenestene.
- Medverknadsprosessar skal oppretthaldast.

I brevet ligg òg ei lenke til revidert prioriteringsrettleiar for kommunalt barnevern:

[https://www.bufdir.no/aktuelt/temaside\\_koronavirus/profesjonelle/informasjonskriv/](https://www.bufdir.no/aktuelt/temaside_koronavirus/profesjonelle/informasjonskriv/)

### 9. Vaksinestrategien

FHI har varsla at dei vil gje meir informasjon om vurderinga av AstraZeneca-vaksinen fredag. Dei samarbeider med engelske, tyske og nordiske kollegaer om kva som skal skje med denne vaksinen framover. Det er tvilsamt om den berre vil bli gitt til særskilde aldersgrupper, slik dei til dømes no gjer i Frankrike, for dei over 55 år.

I mediebildet er det ein del oppmerksomheit kring kven som er vaksinert i kommunane, og vi får òg ein del klagar på vaksineprioriteringa. Vi oppmodar kommunane til å følgje prioriteringane, slik at det ikkje brukast for stor del vaksiner på grupper som ikkje er prioritert i første omgang. Samstundes sa FHI i førre møte at det òg er rom for noko skjønne og eigne konkrete vurderingar. Som eit døme: pasientar som har immundempande behandling med jamne mellomrom skal ha vaksine rett før neste behandlingsrunde. Dersom dei ikkje får vaksinen på rett tidspunkt, må dei kanskje vente lenge på neste vindaug der dei kan få vaksine igjen, og kan hamne bak andre i si gruppe.

Helse- og omsorgsdepartementet bestemte måndag denne veka at òg farmasøytar får sjølvstendig rekvireringsrett, og det er opp til kommunane om og korleis dei vil nytte denne moglegheita, då det er kommunane som er ansvarlege for gjennomføringa av vaksinasjonsprogrammet.



Frå veke 14 er det venta auke i leveransane frå Pfizer/BioNTech, og for april månad er det venta ei dobling av talet vaksiner som kjem til landet.

Spesialisthelsetenesta har fått fleire vaksiner til kritisk helsepersonell, men det går ikkje utover det som sendast ut til kommunane, då det blir teke frå FHI sitt beredskapslager. Grunna meir stabile leveransar framover, kan FHI sende ut noko meir av det dei hadde lagt av til dose to.

### 10. Pilotprosjekt for massetesting i vidaregåande skular

Vi fekk spørsmål frå Øygarden like før møtet: «*Er det mulig her å bruke eksterne aktører, som bedriftshelsetjeneste, til å gjennomføre dette? Er dette noe prosjektet fylkeskommunen dekker?*»

Helse Vest seier at ein først skal undersøke moglegheita for bruk av kommunale ressursar, dette har ein klart veldig fint på Askøy. Dersom det ikkje er mogleg å få til, er neste steg å kontakte fylkeskommunen. Ta kontakt med Jon Andreas Bratberg ([joabr@statsforvalteren.no](mailto:joabr@statsforvalteren.no)) for kontaktinformasjon i høve slike spørsmål til fylkeskommunen.

### 11. Resultat frå spørjeundersøking

Vaksinekoordinatorane i kommunane har svart på ei undersøking FHI sendte ut om vaksinasjonsstrategien, og vi har fått resultatata for Vestland, sjølv om tala ikkje er analysert og summert opp i ein ferdig rapport enno.

Dei aller fleste kommunane har ikkje erfart at det er vanskeleg å nå einskilde grupper med informasjon og innkalling, og vi lurar på om det kan ha samanheng med at dei fleste ikkje har kome til desse gruppene i vaksininga enno.

Elles ser vi at fleire kommunar i Vestland melder om utfordringar med å få personar med anna morsmål, asylsøklarar/flyktningar og folk utan fastlege til å møte opp. Det same gjeld òg å nå ut med informasjon til personar med anna morsmål enn norsk. Samstundes seier fleire kommunar i Vestland òg at dei ikkje har tilrettelagt informasjon for dei same gruppene. Vi vil minne om at Hdir og FHI har laga mykje informasjonsmateriell for kommunane på fleire språk, de finn det mellom anna her:

<https://www.helsenorge.no/koronavirus/informasjon-pa-andre-sprak/#informasjon-pa-flere-sprak>

Fem kommunar skriv at det er vanskeleg å kalle inn til vaksinasjon grunna utfordringar med reiseveg/transport. Dette er vi kjend med i andre samanhengar, og er nok knytt til mange eldre som bur aleine og har lang reiseveg.

Det har òg kome fram ønskje om tidlegare informasjon om vaksineleveransar for å kunne planlegge vaksinasjonsarbeidet betre.

Ikkje heilt overraskande opplever òg kommunane i Vestland at deler av helsepersonellet og befolkninga er skeptiske til vaksiner, og først og fremst til AstraZeneca. Befolkninga i fleire kommunar i Vestland er likevel òg skeptisk til Pfizer/BioNTech-vaksinen. Vi ber kommunane halde fram med god,



## Statsforvaltaren i Vestland

kvalitetssikra informasjon til befolkninga. Vegen ut av pandemien går via vaksiner og immunisering, og vi må alle bidra det vi kan for å skape trygghet og tillit i befolkninga.

Vi vil oppdatere dykk med ny informasjon frå undersøkinga når dette ligg føre.

### 12. Smittevernustyr til fysioterapeutar

Helsedirektoratet har oppdatert kapittel 7.2 om smittevernustyr, etter spørsmål i etterkant av brev sendt om smittevernustyr relatert til fysioterapeuter:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/vaksiner-smittevernustyr-og-legemidler/smittevernustyr>